

Protokoll - Årsmøte 29.06.2023

Dato: 29.06.2023 19:00

Sted: Hjelmeland Samfunnshus

Sak 23/5/1 (Vedtaks sak)

Godkjenning av kven som har stemmerett

Etter mykje arbeid med å rekonstruera medlemslista og oversynet over andelseigarar, har me nå oversikt over alle medlemmene i Hjelmeland Samfunnshus SA.

Medlemmene har blitt kalla inn personleg, og dei som står oppførte på medlemslista pr. 28.06.2023 har stemmerett på årsmøtet.

Vedtak

Alle som står oppførte på medlemslista pr. 28.06.2023 har stemmerett. Kwart medlem har berre éi stemme, sjølv om medlemmene har skote inn ulike beløp til samvirket sin andelskapital.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 23/5/2 (Vedtaks sak)

Godkjenning av innkalling og sakliste

I følge vedtektene til Hjelmeland Samfunnshus SA, skal årsmøtet haldast innan juni, og det skal kallast inn minst éi veke før årsmøtet.

Samvirkelova gjev styret mynde til å avgjera møteforma. Etter tre år med digitale møte, har styret valt å kalla inn til eit fysisk årsmøte på Hjelmeland Samfunnshus.

Innkalling og sakliste er sendt til alle medlemmene som har kjent kontaktinformasjon.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 23/5/3 (Vedtaks sak)

Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å godkjenna protokollen

Dei ulike rollene blir føreslått blant dei frammøtte på årsmøtet.

Vedtak

Morten Hetland er valt som møteleiar og referent.

Roger Sjursen og Edel Tjentland Gausland er valde til å godkjenna protokollen.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 23/5/4 (Vedtaks sak)

Godkjenning av årsmeldinga for 2022

Årsmeldinga for 2022 er sendt ut som eit vedlegg til årsmøtet, og blir i tillegg lagt ut på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA (hjelmeland-samfunnshus.no/arsmelding).

Styret meiner at årsmeldinga gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet, og på bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2022.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 23/5/5 (Vedtaks sak)

Godkjenning av årsrekneskapen for 2022

Årsrekneskapen for 2022 er sendt ut som eit vedlegg til årsmøtet, og blir i tillegg lagt ut på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA (hjelmeland-samfunnshus.no/rekneskap).

Driftsinntektene var 10 prosent høgare i 2022 enn i 2021, men driftskostnadane har samtidig auka med 16 prosent. Driftsresultatet i 2022 er dermed vesentleg dårlegare enn tidlegare år. Koronapandemien har ført til bortfall av leigeinntekter, og kostnadene som er direkte forbunde med drift av lokala har auka med 69 prosent, samanlikna med 2021.

Rekneskapen for 2022 blir dermed gjort opp med eit negativt driftsresultat på kr 193.304,41, mot eit negativt driftsresultat på kr 145.620,12 i 2021. Avskrivningar i 2022 utgjer kr 137.818,52, mot kr 143.756,09 i 2021.

Styret merkar seg at rekneskapen hadde blitt gjort opp med enda større underskot utan driftstilskotet frå Hjelmeland kommune og samarbeidsavtalane med Aluhak Systems AS, Hjelmeland Sparebank, Tytlandsvik Aqua AS og PG Installasjon AS.

Styret meiner at rekneskapen gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet, eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. På bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift.

Driftsleiari finn ikkje grunnlag for å kutta driftskostnadene ytterlegare, så den einaste måten å koma i rekneskapsmessig balanse, er å auka inntektene ved å skapa og leggja til rette for meir aktivitet på Hjelmeland Samfunnshus, samt å søkja om tilskot til drift og vedlikehald.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2022, inkl. disponering av underskot ved overføring mot føretaket sin eigenkapital.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 23/5/6 (Vedtakssak)

Innspel til handlingsplan for komande arbeidsår

Styret ber om innspel og forslag til aktivitetar i handlingsplanen for 2023/2024.

Vedtak

Styret tar med seg følgjande innspel til handlingsplanen for 2023/2024:

- Styret utarbeider vedlikehalds- og investeringsplan for Hjelmeland Samfunnshus, med sikte på å oppgradera lokala til dagens og framtidias standard.
- Styret utarbeider finansieringsplan for å dekkja inn kostnadene med vedlikehalds- og investeringsplanen.
- Styret utgreiar framtidig organisasjonsform: Skal føretaket framleis vera eit samvirkeføretak med andelseigarar?
- Styret undersøker om det er mogleg å laga arrangement for nye målgrupper.
- Styret ber kulturleiar om å ta initiativ til felles planlegging av kulturarrangement.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 23/5/7 (Vedtakssak)

Justering av vedtektene

I samband med det digitale årsmøtet 24.06.2022–02.07.2022, kom Ole Henrik Olsen med eit forslag til vedtektsendring for å tillata styrehonorar, medan Helge Mæle meinte at talet på styremedlemmer må vera fast, og ikkje variera mellom 3–5, som styret føreslo.

Grunna tekniske avgrensingar i plattformen for digitale årsmøte, var det ikkje mogleg å stemma over innspela til Ole Henrik Olsen og Helge Mæle. Deira forslag til justering av vedtektene blir dermed lagt fram for avstemming i dette årsmøtet.

Vedtak

Det første avsnittet i § 6, om tal på styremedlemmer, blir ståande slik:

Foretaket skal ha et styre på 3–5 medlemmer. Styreleder og styremedlemmer velges av årsmøtet. Valgperioden er to år.

(Vedtatt samrøystes.)

Valnemnda og årsmøtet må frå år til år vurdere kor mange styremedlemmer det er behov for, avhengig av føretaket sitt aktivitetsnivå, og korleis ein ynskjer å fordela personalressursar og dugnadstimar mellom styrearbeid og aktivitet.

(Vedtatt med 4 mot 1 stemme.)

Det tredje avsnittet i § 6, om styre og driftsleiar, blir endra slik:

Styret kan gis honorar for sine arbeidsoppgaver. Honoraret fastsettes av årsmøtet.

(Vedtatt samrøystes.)

Følgjande setning blir dermed fjerna frå vedtektene:

Styret skal ikke ha honorar for sine arbeidsoppgaver.

(Vedtatt samrøystes.)

Sak 23/5/8 (Vedtaks sak)

Fastsetting av styrehonorar

Viss Ole Henrik Olsen sitt forslaget til justering av vedtektene blir vedtatt, skal årsmøtet fastsetja styrehonorar, jf. justert § 6 i vedtektene.

Maksimalt skattefritt styrehonorar i frivillige lag er kr 10.000 per år.

Vedtak

Styrehonoraret blir sett til kr 0.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 23/5/9 (Vedtaks sak)

Val av styre

Valnemnda har bestått av Ole Henrik Olsen og Morten Hetland.

Ole Henrik Olsen (styreleiar), Kolbjørn Pedersen (styremedlem) og Mette K. B. Ingvaldstad (styremedlem) er ikkje på val i år.

Harald Krokedal og Marianne Hausken Olsen tar ikkje attval.

I følgje vedtektene skal styret ha 3–5 medlemmer. Valnemnda tilrår å velja to nye styremedlemmer når Harald og Marianne går ut av styret. Jostein Opsahl og Edel Gausland stiller til val som styremedlem for to år.

Vedtak

- Jostein Opsahl blir valt som styremedlem for to år.
- Edel Gausland blir valt som styremedlem for to år.

Vedtaket var samrøystes.

Dette dokumentet er signert av:

Edel Tjentland Gausland

16.04.1967

Signert: 29.06.2023 21:22

Signert med BankID

Morten Hetland

23.11.1989

Signert: 29.06.2023 21:16

Signert med BankID

Roger Sjursen

02.09.1973

Signert: 29.06.2023 21:17

Signert med BankID

Du kan bruke denne linken for å verifisere signaturen på dokumentet og sjekke at dokumentet ikke er endret etter at det ble signert: <https://brd.no/signing/validate>

